Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Jūletre jūlebakam

Tilleggsspørsmålnr.

Emne :

Oppskr. av : Ivar Oppedal

(adresse) : Feios i Sogn

Fylke : Sogn og Fjordane

Herad : Leikanger

Bygdelag : Feios

Gard : Vindheim

G.nr. 5 Br.nr. 10

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn : (ta også med alder, heimstad, yrke) :

SVAR

Til 1. Ja. fraa 1890 og sidan har det auka paa

2. I 1876.

3. Fyrste juletre eg hugsar var paa ein fest for skūleborni i 1879. Det var ei eine= laa (sprakke), daa gran eller furu ikkje var og fanst paa den tid i Feios.

4. Nei.

5 Nei.

6 Det avhenger av kor stor stova er. Er denne rūmeleg, kan treet vere fraa 1 til 2 meter og kanskje noko høgre.

7 Det er pyntat med ymse slag glitter, figurer, perle kjeder, gylte snorer, spir i toppen og delvis smaakakelse og frukt, som borni fekk naar treet vart rikka (vart kasta ut.) og sjølsagt vart der sett mange ljos rūndt treet. Desse er sett i klemmer.

8. Treet vert pynta av vaksne og dei store borni.

9. Treet staar paa gūlvet nedsett i ein trefot som ser slik ut ✝. Naar ein ikkje gaar rūndt treet, sett ein det helst i ei kraa. So ein har fri gong rūndt golvet

3953

10.

Naar treet er pynta og jolebordet er dekka jolafta, kveikjer ein ljosi og ved kveldsbordet kommer ein ogso ljos paa bordet. Naar mann har ete og teke av bordet, gaar heile huslyden rundt joletreet og syng jolesalmar. I det same tid brukes det og gje pressanger. Desse er pakket inn med namn til kvar einskild, og lagt paa galvet rundt foten av treet. Det er ein av huslyden som har jobben med og dele ut pakkerne. Etter ein lenger ~~Kvil~~ Kvil – samlar ein seg um treet att og fortsett med ganga rundt og syngja. – Gang um treet fortsetter framover um kveldane i „Lopredagane" veka mellom jol og nyaar ~~og~~ daa der er selskap og so gaar borni paa visit i grendi til kvarandre for aa sjaa kven som har penaste ~~p~~ treet med pynt paa, og dei gaar rundt og syng og vert ikkje tidleg trøytte

11

Dei syng uppatt alle jolesalmer og ogso fedralandssongar m. m.

12.

Som regel til tjugande dag jol, for daa skal „tjugande Knut" jaga joli ut som ein seier, men det er mange som let treet staa lenger, men daa er det ikkje i bruk. Stend berre som eit minne um den framfarne jolehelg.

13

Borni fer lov og taka til seg alt standa paa treet, som regel vert det tidleg i joli daa borni ikkje vil venta med det. Til joli er slutt i tjugande helgi. Vanleg vert dette nyaarsafta.

Førsteblad

II.

3

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. | Fylke:

Tilleggsspørsmålnr. | Herad:

Emne: | Bygdelag:

Oppskr. av: Ivar Oppedal | Gard:

(adresse): Fana | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

14. –

Helst gran og fura. men og so av sprake. der det ikkje er anna tresort og finna.

15.

Daa her er nøgdi av desse tresortar vart her ikkje laga kunstige juletre.

16.

Nei. Eg er no 83 aar, men har det ikkje vore brukt halm paa golvi. Um so det har vore skik, er det over 100 aar sidan. Eg minnest ha høyrt noko um dette. men kan ikkje seia noko um dette Men eg høyrde og veit at det for ca 50 år sidan var almindeleg at mannen jolafta. fann sprake(einer) og hogde upp i smaa kvanta og strødde spraken med naaler utover golvet og i gangen inn til stova jolafta, for at det skulde lukta fint av einen i stova. Men denne vart fjerna att. naar ein gjorde reint joldag – daa dan hadde tapt den gode lukti, og elles var faarleg for stikk av naalene naar ein var paa sokkeleisten utan sko eller ein var berrføtt utan sokkar paa foten Dette med sprake paa golvet er det ein 50 aar sidan det var i bruk

3953

16.

I staden for sprake paa golvet, har ein no breie vovne golvteppor som vert brukt paa golvi i jolehelgi og elles i dei heimar ein har raad til og skaffe seg slike, men er det mange heimar som ikkje det har.

Ivar Oppedal
Fiios

3953
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING